



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	12.12.2024
Møtetid:	10:00 -19:00
Møtestad:	Kommunehuset, Kommunestyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Erlend Kvamsdal	ordfører	H
Sigrun Haugsdal Reknes	medlem	H
Kariann Ekren	medlem	H
Gunnar Andvik	medlem	H
Vebjørn Haugsdal	medlem	H
Veronika Hjartholm	medlem	H
Geir Egil Haugsvær	varaordfører	SP
Rigmor Søyvik	medlem	SP
Stian Søyvik	medlem	SP
Torill Torsvik Størkersen	medlem	AP
Mariann Fløtre Andvik	medlem	AP
Ragnvald Tangedal	medlem	AP
Aina Sleire	medlem	AP
Ørjan Daae	medlem	FRP
Tove Kristin Sleire Tistel	medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
------	-------	-------

Bjarte Andvik	medlem	H
Svein Bjarte Fredheim	medlem	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Helga Nyhavn Matre	Bjarte Andvik	H
Torstein Myrvang-Rørvik	Svein Bjarte Fredheim	FRP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Anne Kristin Rafoss	rådgjevar
Svein Helge Hofslundsengen	rådmann
Sveinung Toft	assisterande rådmann

Møteprotokoll er publisert på nettsida til kommunen og vert godkjent i neste møte.

Anne Kristin Rafoss

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 108/2024	Godkjenning av innkalling og saksliste	
PS 109/2024	Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 30.10.24	
PS 110/2024	Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028	
PS 111/2024	Kraftfondsbudsjettet 2025	
PS 112/2024	Fjorden kafe as, søknad om støtte gjennom kraftfondet	
PS 113/2024	Masfjord fotballag - søknad om støtte til LED flomlys Matre idrettsplass	
PS 114/2024	Prioritering av betre mobildekning i Masfjorden kommune	
PS 115/2024	Frivilligstrategi for Masfjorden kommune 2024 - 2028	
PS 116/2024	Godkjenning av framlegg til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden 2025 - 2037	
PS 117/2024	2 gangs handsaming av reguleringsplan for Skutevika gnr. 38 bnr.2	
PS 118/2024	Oppfølging rapport Helsegruppa 2024 - Råd for tiltak i helse- og omsorgstenesta i Masfjorden kommune	
PS 119/2024	Retningslinjer ved omstilling og bemanningsendring	
PS 120/2024	Skulereglar for Masfjordskulane	
PS 121/2024	Reglement for godtgjering til folkevalde	
PS 122/2024	Referatsaker	
RS 26/2024	Møteplan politiske utval i 2025	
RS 27/2024	Utvidet høringsfrist - høring av søknad om tillatelse til utvidelse av NORM-deponi ved Wergeland-Halsvis AS	

RS 28/2024	Vedr forslag i Helse Bergen til ytterlegare kutt i ambulansetenestene ved Knarvik ambulansestasjon	
RS 29/2024	Tildeling av helse- og omsorgstenester - tenesteskildring med kriterier og moment for vurdering	
RS 30/2024	Møteprotokoll frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 11.11.24	
RS 31/2024	Møteprotokoll frå Eldrerådet 11.11.24	
RS 32/2024	Møteprotokoll frå Ungdomsrådet 21.10.24	
RS 33/2024	Møteprotokoll frå Ungdomsrådet 09.12.24	
PS 123/2024	Godkjenning av kontrakt om bustadbyte mellom Masfjorden kommune og eigarar ***** *****	Offl. § 13 1. ledd, jf. Fvl. § 13 1. ledd
PS 124/2024	Budsjettrevisjon desember 2024	

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 108/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste

Torill Torsvik Størkersen sette fram følgjande merknad til sakslista:

- Masfjorden Arbeidarparti er overraska over å ikkje få med interpellasjon vår til dette møtet, som me sendte inn 25. oktober. Den stiller alle form for krav. Det er ei direkte oppfordring, av prinsipiell art. Me må kunne vere ombodsmenn, og ta opp saker som er viktige for innbyggjarane våre. Det er ein del av jobben vår som folkevalt.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 108/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 109/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 30.10.24

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 109/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå kommunestyret 30.10.24:

Møteprotokoll frå kommunestyret 31.10.24 vert godkjent.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 110/2024 Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028

Torill Torsvik Størkersen (Ap) las opp partiet sine budsjettkommentarar:

- Me som bur og lever liva våre i Masfjorden kommune eller har vårt daglege virke her som tilsett, har mykje å vere takksame for. Me har ein fantastisk natur og fauna rundt oss som me kan boltre oss i, og fram til no har me vist at me set stor pris på og klarer å ta vare på den! Det må me fortsette med! - og me må tåle at det regnar iblant. For Masfjorden kommune, så evnar me å nytte naturressursane på ein akseptabel måte, og me deler den høgt verdsette energiressursen med fellesskapet. Som kompensasjon så får me naturressursskatt, og konsesjonskraft (og eigedomsskatt som me får på alt av verk og bruk). Masfjorden Ap har dei siste åra har vore med å kjempa for at ein rettmessig del skal liggje at i det samfunnet som legg til rette for og tar utbygginga! Den kampen vann me saman med våre tillitsvalde på Stortinget og i regjering. No håpar me den kampen er over ein gong for alle, og at me i ro kan få finne ein god og føreseieleg driftsbalanse i dei kommunale tenestene våre, og sette av midlar til framtidige investeringar som me veit vil komme. Ut av denne tilbaketatte omfordelingsdebatten og naturressurskompensasjonen, så vart også havbruksfondet etablert, noko som for 2024 styrka kommuneøkonomien med 3 mill. kroner. Desse inntektene har redda noko av overforbruket vårt som etter 2. kvartal var på 10,5 mill.

Og då kan ein tenkje; evner me ikkje å lage budsjett som me kan styre etter når meirforbruker for 2024 har vore større enn nokon gong? Svaret er både ja og nei. Nei, fordi me ikkje veit inntektsprognosane før i slutten av året, og ja, fordi me ikkje klarer å budsjetterer drifta vår uavhengig av energiinntektene. For 2024 har det ikkje vore eitt møte me ikkje har tatt ekstraløyvingar i. Slik kan me ikkje fortsette. Då rustar me oss ikkje for åra som kjem. I gode år, så skal me det, for utfordringane står i kø hjå oss òg, oppgåvene som me har tatt på oss skal løysast på ein god måte. For 2025 har me justert oss ned att på eit akseptabelt nivå, og så får me ta dei mindre justeringane i revidert budsjett.

Utfordringa er, 1. demografien vår og 2. fjordkryssinga. Me er for få, til å ha eit tredelt samfunn. Sjølv med fleire nye bustadfelt, så aukar ikkje nødvendigvis barnetala så veldig i skulane, men ein brems på den nedadgåande utviklinga kanskje. Dette må me nok byrje å tenke på, når me no veit at det kan ta enno ei stund før det er økonomisk rom på fylket for den etterlengta fjordkryssinga. Masfjorden Ap gjer alt me kan her òg, og budsjettvedtaket i går i fylkestinget håpar me var eit kort kvileskjær som me kan nytte til å få planar og finansiering landa heilt som dei skal .

Våre nye medborgarar som me har på lån frå Ukraina, Syria og andre, har vore svært så positivt for folketalsutviklinga. Det kan vere krevjande å få dei til å bli, men dei

har på mange måtar tilført samfunnet vårt eit vidare kulturelt syn, noko me bør vere svært takksame for. Me håpar på snarleg fred for dei, men velkommen til å bli så lenge de måtte både trenge og ønske det, det er dei.

For å konkretisere utfordringane som me står overfor, så står tenestene i pleie- og omsorgssektoren i ei særstilling. Me har og får fleire og fleire i den øverste skalaen av aldersstigen, og færre i den arbeidsføre delen. Mange av desse er spreke og friske og klarer seg flott i eigen bustad, og mange er ein stor ressurs i det frivillige arbeidet i kommunen. Men me kjem ikkje utanom at me har ein full sjukeheim, kjøper teneste hjå Modalen kommune, og har for få omsorgsbustader i deler av kommunen. No gjer me tiltak for å få gjort noko me det, men det hastar. Me har òg for stor turnover. Det kostar! Heile 13 stk har forlatt arbeidsplassen sin i denne sektoren i 2024/ 25. Tiltaket for å behalde på dei tilsette, burde vore ha vore meir rettmessig, og inkludert både fagarbeidarar og assistentar. Alle hender er like viktige i denne sektoren! Og det må me forstå å verdsette! Helsegruppa har kome med gode forslag til betre tenesteleveransar i denne sektoren, og dei bør me lytte til. I revidert budsjett vil me kome attende til nettopp dette, for å sjå om me kan finne rom for etterlengta stillingar.

I oppvekstsektoren er det også utfordringar me må ta inn over oss. Dei unge har krav på eit trygt og godt skulemiljø. Det er nedfelt i lover og forskrifter. Dette bør styrkast med ei miljøarbeidarstilling som kan vere tidleg inne og jobbe forebyggande i skulen. Kvalifisert pedagogisk personale er i denne sektoren også ei utfordring, men dei som er der, gjer ein strålande jobb, noko grunnskulepoenga våre viser. Organisering av fagtilbod og lærarressursar på tvers i kommunen kan me enno meir utfordre denne sektoren på i åra som kjem.

For budsjettåret 2025 er Masfjorden Ap nøgd med å få fleirtalet med seg på gratis dagtilbod for dei eldre som ikkje ynskjer å ete middag, at ein har fått eit ekstra løft med asfalteringa på dei kommunale vegane, at dei praktiske arbeidsromma som skulekjøkken og sløydsalar vert rusta opp, at elevane får bøker og det materiellet dei måtte trenge. Eit flott og renoverert idrettsanlegg på Nordbygda har også kome på plass. Sist men ikkje minst, at også tilsette ved MBA vart innlemma i fellestilltaket for høgskuleutdanna innan pleie og omsorg. Det var ein kamp, men det skulle berre mangle. Masfjorden Ap takkar for budsjettåret som har gått og manar fleirtalskoalisjonen til fornuft i budsjettåret som ligg føre oss.

Geir Egil Haugsvær (Sp) las opp partiet sine budsjettkommentarar:

- Det er veldig bra at rådmannen også i år klarer å legge fram eit årsbudsjett og økonomiplan i balanse. Det er svært viktig for innbygarane i alle deler av Masfjorden at ein klarer å oppretthalde det gode tenestetilbodet me har no. At ein har klart å ta salderingstiltak på 24 millionar utan å svekke tenestetilbodet er imponerende. Det at verda er så ustabil som den er no, gjer at det brått kan komme nye utfordringar. Senterpartiet støtter formannskapet si innstilling til vedtak. Me håpar at det fram mot saldering av budsjett til våren er kome ein del avklaringar

som gjer budsjettprosessen mindre usikker. Det er komme ei sak no på slutten av året angående brannvernet som kan få store budsjettkonsekvensar. Me har ei ynskjeliste som me håpar det kan vere rom for å bake inn i saldert budsjett til våren. Helse ynskjer fleire ressursar. Dersom dette kan vere med på ta ned vikarbruken er dette eit godt tiltak. Teknisk ynskjer seg også fleire ressursar som ein bør vurdere å innfri. Landbruket ynskjer at landbrukskontoret blir styrka. Her har ein sett at det har vore mykje meir aktivitet dei periodane det har vore inne ekstra ressursar. Det å ha pengar på fond til samfinansieringstiltak er svært viktig. Her får ein mykje igjen for investeringane. Det har vore store utfordringar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft dei siste åra. Her håpar me tiltaket frå regjeringa med sletting av studiegjeld kan gjere dette problemet mindre. Det er nokre investeringar på budsjettet som bør utsettast til etter salderinga. Her er det spesielt køyretøy til teknisk og brann ein bør få litt meir tilbakemelding på. Fortsetter dei straumprisane som er i dag gjennom vinteren kan saldering av budsjettet verte ein hyggeleg affære.

Tove Kristin Sleire Tistel (V) las opp partiet sine budsjettkommentarar:

- Det viktigaste framover vil vere å ha ein stabil folketalsutvikling, gje innbyggjarane gode tenester frå vogge til grav og arbeide vidare for at folk vil etablere seg i våre nye og gamle bustadfelt. Me treng som alle andre kommunar å ha enda fleire innbyggjarar framover som tar ansvar for eigen helse og alderdom i høve til førebygging, planlegging og tiltak for endra funksjonsnivå. Førebygging – der ein skapar eit godt fundament for det som kjem – me må tenkje langsiktig. Me merkar alt press på tenestene, der me og i vår vakre kommunar med fjell og fjord- har utfordringar med døgntenester til alle i kvar nov og krå i kommunen. Venstre håpar ein kan få til gode prosjekt framover med omsyn til omsorgspluss bustadar og tenkje ulike bustadtun – der folk kan skape møteplassar og gje kvarandre ein hand. Venstre kjem ikkje til å foreslå noko med bakgrunn i redusert handlingsrom for 2025 knytt til blant anna investeringsaktivitet, reduserte driftsinntekter og ja endringer i inntektsystemet. Me må vere bevisste rådmannens vurdering knytt til auka gjeldsbelastning og tenkje oss om framover, Me manglar ikkje på gode innspel og ynskjer i kommunestyrets vel 14 mnds levetid. og venstre ynskjer framleis etableringa av ungdomskoordinator, men kjem tilbake til det i anna runde. Kommunens sine inntekter er i endring og medan nokon håpar på ein rik onkel – har me det relativt nye Havbruksfondet som har gjeve oss gode penger når me verkeleg treng det-ja siste 4 åra har det gitt oss titalls millionar og mest dei to siste åra,,, slik vert det gjerne ikkje neste gong- me har inga garanti for det. Me må ta høgde for kva me har og kva me vil bruke- prisvekst ja- men og korleis me nyttar disposisjonsfondet... me freistar frå mindre renteinntekter og- når dette fondet vert redusert. men me har vore og er ein små kommune med ikkje alt for mange fordelar. Eg ser at pleie og omsorg har vekst i utgiftar , det har òg oppvekstsektoren- og me har tatt tak politisk vved helsegruppa, med å kartlegge kva som kan vere aktuelle tiltak for vegen vidare- me vil behalde kompetanse og me treng ny kompetanse- me skal ta vare på våre tilsette og løfte dei framover – uansett eining. Masfjorden Venstre støttar årsbudsjettet 2025 og økonomiplan 2024-2028 slik det er

lagt fram men vil komme med innspel til justeringar i saldering av budsjett på nyåret 2025.

Ørjan Daae (FrP) las opp partiet sine budsjettkommentarar:

- Masfjorden FrP har følgande innspill til budsjettsaka. Etter et år i kommunestyret og formannskapet er ser Masfjorden FrP muligheter for å nå flere av sine prioriteringer. Kommunestyret jobber bra i sammen med rådmann for å finne fram til dei gode løysningene.

Rådmannen har som lagt fram et balansert budsjett for 2025. Dei økonomiske framtidsutsiktene for kommunen er usikre. Statlige overføringer har en nedadgående retning, samt at flere inntektsfaktorer til Masfjorden kommune, kan gå begge veier iht framlagt budsjett.

Det store spørsmålet er, kor mykje av disposisjonsfondet må inn for at budsjettet og økonomiplan skal gå i balanse. Som vanlig venter vi til salderingen av budsjettet, før en kommer med dei store endringene.

Masfjorden FrP vil prioritere i 2025 budsjettet:

I 2024 har Masfjorden FrP deltatt i helsegruppa, som har lagt fram en grundig rapport om forbedringer og løysninger i helse og omsorgs-sektoren. Her forventer Masfjorden FrP at Masfjorden Kommune innarbeider forslagene til tiltak inn i den daglige drifta, samt inn i budsjetta åra framover.

Vedlikeholdet på dei kommunale veiene fekk et løft i budsjettet for 2024 og i økonomiplanen, Dette medførte at flere veier ble asfaltert, noko som igjen medfører mindre vedlikehold og reparasjoner i denne planperioden. Ser at rådmannen i 2027 har justert ned budsjettet til 2 mill, dette er noko vi i Masfjorden FrP er imot og vil komme med endringsforslag på dette.

Trafikksikringsplanen legger det kun inne med et tiltak, som er med i planperioden. Masfjorden FrP vil fram til saldering av budsjettet jobbe for at trafikksikringsplan blir løftet fram som en prioritert satsing. Masfjorden Kommune er blitt godkjent som en Trafikksikker Kommune, så her har vi noko å strekke oss etter. Rådmannen foreslår å redusere vedlikehold på kommunale bygg med 1,4 mill. Dette er Masfjorden FrP imot. Det å utsett vedlikehold på bygg medfører alltid større kostnader. Da er det bedre at Masfjorden Kommune stater prosessen med å redusere antall kommunale bygg. Masfjorden FrP vil derfor i 2025 være pådriver i denne prosessen slik at vedlikeholdet på kommunale bygg får en naturlig avgang.

Masfjorden FrP savner et måltall på kor mange bustadtomter som en antar å få solgt i 2025. Vi har 13 nye tomter i Ytre Haugsdal og om en ikke har som mål å selge en einaste tomt i 2025, er dette svært dårlig butikk. Masfjorden FrP forventer at en klarer å selge 2- 5 tomter i dette byggefeltet. Dette vil gi 1,5 til 4 mill rett inni bustadfondet. Og der skal dei få bein å gå på .

Gebyrhefte: Masfjorden FrP ønsker en sammenheng og en reduksjon i gebyrene i Masfjorden Kommune. Alle ønsker at vi skal få flere innbyggere til kommunen. Vi investere i nye byggefelt slik at vi har gode tomter å tilby til innbyggerne våre. Siden dette er et satsingsområde, burde også gebyr og kommunale avgifter ifbm tomter og

hus også vert gunstige. Masfjorden FrP vil derfor jobbe for at en utarbeider en meir strategisk gebyrhefte iht våre satsingsområder.

Sigrun Haugsdal Reknes (H) las opp partiet sine budsjettkommentarar:

- Ja, så var me her igjen. Eit nytt år er gått, og me i denne salen har lært mykje, jobba hardt og fått gjennomslag for mange hjertesaker. Dette er me glade for!
Denne veka kunne me høyre at KS forventar ei auke av kommunar på ROBEK lista, etter at dei har brukt opp disposisjonsfonda sine. Sjølv om det kom eit lite løft no før jul, er ikkje det sikkert det kjem fleire slike framover.
Den nye omlegginga i inntektsutjamninga mellom kommunane er ikkje til det beste for Masfjorden.
Ordførar, eg syns Masfjorden har fått utretta svært mykje utan å tappe ned våre fond, men me må vere forsiktige framover.
Høgre vil vise til moderasjon i vedtak om investeringar i økonomiplanen for 2025-2028.
Men samfinansiering med fylkeskommunen på fylkesvegane vil me mellom anna halde fram med slik at me får oppgradert fleire trafikkfarlege punkt på vegane våre. Høgre er svært fornøgde med at Masfjorden kommune leverer raskt og effektivt i dei fleste av sektorane og dei vedtaka kommunestyret har gjort i det første året av denne perioden.
No kan me tilby ei god streamingteneste av kommunestyremøta våre, og ordføraren reiser rundt på butikkane og pratar med folk. Det er noko me håpar folk set pris på! Me har tatt tak i dei problema som kunne sjå ut som underkapasitet i helse- og omsorgssektoren, og som kommunestyret i dag får framlagt ein tiltaksplan for. Den viser at det ikkje nødvendigvis er fleire stillingar, auka lokal lønstilpassing eller ekstra løyvingar som først og fremst trengs – derimot har gode arbeids- og vaktordningar og større påverknadskraft i turnuskvardagen vist seg å vera effektivt. Me i Høgre ser fram til ei tett og god oppfølging av tiltaksplanen framover. Foruten bemanningstiltak så vil me også få til eit løft rundt sansehagen og uteområdet ved sjukeheimen slik at bebuarane får meir nytte og glede av å bruke dette området. I andre sektorar har me og tatt nye løft.
Me har vore rundt på skulane våre og sett at her trengs det oppgradering, kanskje først og fremst i opplæringssamanheng. No håpar me at den statlege lånefinansieringa kan avlaste budsjettet vårt, og ber skulane prioritere tiltaka som er viktigast for dei.
Sjølv om me har fått ferdigstilt fleire bustadfelt dette året, må me fokusera vidare på tilflytting. Kommunen har fått på plass ny innbyggjarportal der nettopp busetting i Masfjorden har fått ei sentral plassering. Det er gledeleg å sjå at unge etablerer seg i kommunen vår, velkommen skal de vera.
Og for å komme fram til møteplassane våre har me fått på plass ordninga Bestillingstransport. Dette er eit tilbod til ikkje berre dei eldre, men også ungdomsrådet har fått ei slik finansiering dei kan bruke.
Møteplassar er viktig for innbyggjarane våre, både unge og eldre.
No har me satsa på idrettsanlegga og me skal få ein ny møteplass på Haugsvær.

No ønsker Høgre at me tar fjorden i bruk att, 25 år etter at den vart utropt til tusenårsstad for kommunen.

Me vil ta i bruk dei gamle møteplassane på dampskipskaiane, slik at me igjen kan ta sjøen i bruk. Den nye samfunnsplanen som me skal starte opp arbeidet med neste år bør også vektlegge møteplassar både for unge og eldre, men den må også ivareta næringsutviklinga i kommunen vår.

Elles har Masfjordbrua tatt mykje tid i det politiske arbeidet også i 2024!!

Me må dessverre erkjenne at Masfjordsambandet heller ikkje i år har fått eit oppstartsvedtak og at gårsdagens budsjettmøte i fylket heller ikkje avklara når me kan starte opp. Det betyr at alle partia, ikkje minst de som set i styringa på fylket må fortsette påtrykket mot fylkespolitikarane også i 2025. Neste deadline vert visst rullering av RTP i fylkeskommunen fram mot sommaren.

Saka vart drøfta.

Veronika Hjartholm (H) sette fram følgjande framlegg til endring i gebyrhefte:

- Kommunestyret ber rådmannen at maks prisjustering på gebyr ikkje overstig 4,1% Auke i gebyr skal ikkje overstige indeksregulering. Gebyr for justering av grenser blir justert til kr 2239 u/mva

Røysting: Framlegg til endring i gebyrheftet vart samrøystes vedteke.

Gunnar Andvik (H) sette fram følgjande merknad til salderingssaka i mai:

- Kommunestyret ber rådmannen ta følgande punkt i saldering av budsjettet: Høgre vil løyve kr. 200000 ekstra til øvrige kulturtilbod T3850, herav 90000 til kulturbygga, 60 000 til lag og organisasjonar og 50000 til frivilligsentralen til arbeid med Bua, dette blir dekke gjennom ekstratildeling frå kom.dep. i oktober.
- Høgre vil fylgje opp kulturfondet med avsetjing frå disposisjonsfondet til 2025 budsjettet.
- Høgre vil anmode administrasjonen om å søke fylkeskommunale kulturstilskot der dette kan vere med å løfte kulturtilbodet vårt. Om nødvendig må vi også sjå kva kommunale løyvingar som kan utløyse fylkeskommunale tilskot.
- 2025 skal det markerast Friluftslivets år. Det bør Masfjorden som er god på friluftsliv fylgje opp i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Røysting: Merknaden til salderingssaka i mai vart samrøystes vedteke

Helga Nyhavn Matre (H) sette fram følgjande merknad til salderingssaka i mai:

- Høgre ønsker at me tar fjorden i bruk att, 25 år etter at den vart utropt til tusenårsstad for kommunen.
Me ynskjer å få tatt dei gamle møteplassane på dampskipskaiane i bruk att slik at me på nytt kan møtast ved sjøen.

Dette vil bli ein «blå-grøn» tråd i den nye samfunnsplanen me skal starte opp arbeidet med neste år.

Høgre ynskjer å legge inn 500.000 kvart år i økonomiplanen.

Røysting: Merknaden til salderingssaka i mai vart samrøystes vedteke

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande merknad til salderingssaka i mai:

- Miljøarbeidar for barn- og ungdom med helsefagleg bakgrunn
- Utvide tiltak innan til helse- og omsorg til også å gjelde fagarbeidarar
- BUA vert planlagt og sett i gong i 2025

Røysting: Merknaden frå Ap fall med 5 røyster (Ap og V)

Veronika Hjartholm (H) sette fram følgjande merknad til salderingssaka i mai:

- Kommunestyret ber om at summene i PS 114/2024, vert lagt inn i saldering av budsjett. Kommunestyret ber om at det vert lagt inn kr 1,2 mill i 2025 og 2 mill i 2026 til utbedring av mobildekning i kommunen i saldering av budsjettet.

Røysting: Merknaden til salderingssaka i mai vart samrøystes vedteke

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram felles framlegg til tilleggspunkt:

- Det vert etablert ein eigen årleg budsjettpost til Ungdomsrådet som dei kan disponere innanfor eigne retningslinjer. Kr. 50.000,-

Røysting: Framlegg til tilleggspunkt vart samrøystes vedteke.

Vebjørn Haugsdal (H) sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

- Høgre vil styrke sektoren med kr. 1,25 mill, dette vil me finansiere med tilleggsløyvinga frå avsettingar frå 2024.
- Justere ned innvendig vedlikehald på skulane frå 3720000 til 3 000 000
- Tunnelbil med løyving på 1,25 millionar blir tatt ut av budsjett, blir vurdert tatt inn igjen ved saldering og etter at
 - Det vert løyvd 3 millionar til kommunale vegar i 2027 og 2028 i økonomiplanen
 - Det blir oppretta ein investeringspost for samfinansiering med fylkeskommunen. Der blir det avsett 3 millionar i 2025.

Røysting: Merknadene til salderingssaka i mai vart vedteke mot 5 røyster (Ap og V)

Til slutt vart det røysta over framlegg til vedtak frå formannskapet. Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 110/2024 Årsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028:

Driftsbudsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn drift jf. pkt. 8.2.

Investeringsbudsjett 2025 vert fastsett slik det er lagt fram i rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan, og i samsvar med bevillingsoversyn investering jf. pkt. 8.3.

Satsar for kommunale avgifter og gebyr vert fastsett slik det kjem fram i Gebyrhefta gjeldande frå 1.1.2025.

Kommunestyret godkjenner opptak av nye lån på inntil kr 19.763.000 for finansiering av investeringsprosjekt i 2025.

Masfjorden kommune tek opp i tillegg inntil kr 6.000.000 i lån frå Husbanken i 2025 til vidareutlån som startlån i samsvar med Husbanken sine retningslinjer.

For eigedomsskatteåret 2025 skal det skrivast eigedomsskatt på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav d. Den alminnelege skattesatsen for eigedomsskatt i skatteåret 2025 er 7 promille, jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd.

Endringspunkt i budsjettheftet:

- Dagtilbodet delast opp, der sjølve aktiviteten er gratis, og at ein betaler for middag.
- Kommunestyret ber rådmannen at maks prisjustering på gebyr ikkje overstig 4,1% Auke i gebyr skal ikkje overstige indeksregulering. Gebyr for justering av grenser blir justert til kr 2239 u/mva

Tilleggs punkt:

- Det vert etablert ein eigen årleg budsjettpost til Ungdomsrådet som dei kan disponere innanfor egne retningslinjer. Kr. 50.000,-

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 111/2024 Kraftfondsbudsjettet 2025

Framlegg til vedtak frå Kraftfondstyret vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 111/2024 Kraftfondsbudsjettet 2025:

Vedtak frå kommunestyret:

1. Årsbudsjettet for kraftfondet 2025 vert fastsett slik;

		Budsjett
		2025
Inntekter:	Påfyll kraftfondet - konsesjonsavgift	-3 200 000
	Avdrag utlån frå kraftfondet	-100 000
	Rente utlån frå kraftfondet og andre inntekter	-50 000
	Sum inntekter	-3 350 000
Utgifter:	Masfjordsambandet - brufond jf. KS 45/12	1 000 000
	LVK, regionrådet, m.fl. – tilskot/kontigent 2025	650 000
	Arrangement, profilering av kommunen/div	220 000
	Næringsarbeid innan kommuneadminstrasjonen	100 000
	Elevbedrift/grundercamp	30 000
	Bustadføremål	300 000
	Andre næringstiltak - (GMU med 350.000)	350 000
	Etableringstilskot	300 000
	Frie fondsmidlar til fordeling	400 000
	Sum utgifter	3 350 000

2. Tildeling av frie midlar frå kraftfondet skjer ved hovudfordeling i september med søknadsfrist 15.juni 2025, og 2.tildelingsrunde i nov/desember 2025 med søknadsfrist 1.november 2025. Det vert opna for å ta opp hastesaker.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 112/2024 Fjorden kafe as, søknad om støtte gjennom kraftfondet

Erlend Kvamsdal (H) og Aina Sleire (Ap) ba om å få habilitetenane sine vurdert i sak 112/2024 Fjorden kafe as, søknad om støtte gjennom kraftfondet.

Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 a, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at representanteane Kvamsdal og Sleire var inhabile sidan dei begge er eigarar i selskapet.

Erlend Kvamsdal og Aina Sleire deltok ikkje i den vidare handsaminga av denne saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Kraftfondet vart samrøystes (14 røyster) vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 112/2024 Fjorden kafe as, søknad om støtte gjennom kraftfondet:

Vedtak frå Kommunestyret:

Masfjorden kommune v/kraftfondet gir Fjorden kafè as eit tilskot med inntil kr. 125.000 gjennom kraftfondet til omsøkte investeringsprosjekt. Inntil 50% av tilskotet kan bli utbetalt akonto, medan utbetaling av heile/rest tilskot når det føreligg dokumentert prosjektrekneskap jf. oppsett som grunnlag for søknaden.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 113/2024 Masfjord fotballag - søknad om støtte til LED flomlys Matre idrettsplass

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 113/2024 Masfjord fotballag - søknad om støtte til LED flomlys Matre idrettsplass:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune yter eit tilskot med kr. 50.000,- gjennom kraftfondet med heimel i retningslinene til kraftfondet, § 2 kommunale fellestiltak - idrettsanlegg. Med bakgrunn i få søknader til næringsføremål via kraftfondet i 2024,

Det blir gitt ei ekstraløyvinga på kr. 50.000,- som vert finansiert over kulturfondet.

samt

forskottering av mva. kompensasjon og spelemidlar, inntil kr. 350.000,-

Tiltaket vert lagt til i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, som grunnlag for søknad til spelemidler.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 114/2024 Prioritering av betre mobildekning i Masfjorden kommune

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 114/2024 Prioritering av betre mobildekning i Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune prioriterer å få til utbetring av mobildekninga på følgjande stadar i perioden 2025 og 2026.

1. Mjanger (og Hopslia)
2. Andvik og over til Duesund
3. Etablere batteribackup frå cirka 4 timar til ca 8 timar på basestasjonen på Duesund.

Ordførar får fullmakt til å forhandle fram og signere intensjonsavtale med aktuell utbyggjar.

Tiltaka må innarbeidast i budsjettet for 2025 / økonomiplanen for perioden 2025 – 2028.

Det vert sendt søknad til statleg ECOM og Vestland fylkeskommune om medfinansiering.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 115/2024 Frivilligstrategi for Masfjorden kommune 2024 - 2028

Saka vart drøfta.

Torill Torsvik sette fram følgjande framlegg til endring i handlingsplanen:

- Kap. 4 Handlingsplan med tiltak
- Lagt til under ressursar:

Etablere ein utlånssentral for fritidsutstyr

Ansvar: Masfjorden frivilligsentral/ frivillige lag og organisasjonar

Grunngjeving: Dette for å redusere forbruk og leggje til rette for at born og unge kan ta del i både organisert og uorganiserte aktivitetar utan økonomisk føresetnad.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med endringa i handlingsplanen frå Ap vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 115/2024 Frivilligstrategi for Masfjorden kommune 2024 - 2028:

Vedtak frå kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner framlegg til frivilligstrategi for Masfjorden kommune 2024 - 2028 med følgjande merknad:

- Kap. 4 Handlingsplan med tiltak
- Lagt til under ressursar:
 - Etablere ein utlånssentral for fritidsutstyr
 - Ansvar: Masfjorden frivilligsentral/ frivillige lag og organisasjonar
 - Grunngjeving: Dette for å redusere forbruk og leggje til rette for at born og unge kan ta del i både organisert og uorganiserte aktivitetar utan økonomisk føresetnad.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 116/2024 Godkjenning av framlegg til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden 2025 - 2037

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 116/2024 Godkjenning av framlegg til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden 2025 - 2037:

Vedtak i kommunestyret:

Framlegg til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel for Masfjorden 2025 – 2037 vert godkjent i medhald av plan- og bygningslova sin § 4-1.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 117/2024 2 gangs handsaming av reguleringsplan for Skutevika gnr. 38 bnr.2

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 117/2024 2 gangs handsaming av reguleringsplan for Skutevika gnr. 38 bnr.2:

Vedtak frå kommunestyret:

Reguleringsplan for Skutevika gnr. 38 bnr. 2 vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-

12 godkjent.

Det vert vist til planskildring og planføresegner dagsett 29.11.2024, og plankart dagsett 27.09.2024.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 118/2024 Oppfølging rapport Helsegruppa 2024 - Råd for tiltak i helse- og omsorgstenesta i Masfjorden kommune
Helse- og omsorgsleiar Oddvin neset møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Sigrun Haugsdal Reknes bad om at følgjande vert protokollert:

Demenskoordinator – me vil at denne stillinga skal definerast! Det er kjempeflott at det finnes ein stillingsprosent til dette.

Me stiller spørsmål med at det er så lite kjent at kommunen har koordinator. Helsegruppa har ikkje fått informasjon om det i sitt arbeid med rapporten, og det er heller ikkje definert på heimesida.

Me lurar på om denne personen har ekstra erfaring / utdanning i demensomsorg? Det er viktig at stillinga er godt definert og opplyst om!

- Kreftkoordinator – Masfjorden Høgre ber om at det vert sett av ein stillingsprosent på 40%. Denne stillingsprosenten vil då vere lik den demenskoordinator har. Masfjorden Høgre meiner desse to koordinatorstillingane bør ha same stillingsprosent, då det er stort behov både innanfor demensomsorg og kreftomsorg/lindrande behandling, og for å møte dei behova som er og som vil komma i framtida. Me ønsker at Masfjorden kommune skal vera ein framtidsretta kommune, som er rusta til å ta i mot desse behova.

Kreftkoordinator bør fortrinnsvis etablerast gjennom ein omstrukturering innad i tenesta. Det er kunn ein av personane i ressursteamet som per i dag har ein andel av sin stillingsprosent som går til denne type arbeid, og ein del av den prosenten er i utgangspunktet knytt til ressursnettverket i lindrande behandling Helse Vest.

-Dei to andre sjukepleiarane i teamet har ingen frikjøpt tid til å drive med denne type arbeid, berre ei avtale om å få bruka tid på dette etter behov. Behovet for teamet har vist seg å vera stort berre sidan det vart oppretta i mai i år. Det er stor individuell variasjon i kva den enkelte som har fått ein alvorleg sjukdom har behov for. Det kan spenna frå «enkle» spørsmål, til meir omfattande behov for hjelp og støtte frå eit helsepersonell som har inngåande kunnskap om sjukdom, behandling, biverknader og seineffektar. Vidare er helsepersonell også forplikta av lov til å ivareta barn som pårørande. Ressursteamet har difor ei svært viktig tverrfagleg samarbeidsrolle, eksempelvis med helsesjukepleiar/helseavdelinga og fastlegane.

-Ein kreftkoordinator kan fungere som leiar i ressursteamet, og koordinera arbeidet mellom dei tre ressursjukepleiarane, i tillegg til å kunne ta «toppen» av det som eventuelt skulle hasta mest.

-Ressursteamet skal også bruke tid på kompetanseheving og undervisning til personale i kommunen, noko me veit at krev friset tid til å gjere.

-Pakkeforløp heim kreft er i full anmarsj og er allereie rulla ut for fleire typar kreft. Etter kvart vil dei fleste krefttypane gå innunder pakkeforløp heim, noko som stiller krav til kommunane om å stille med kompetent helsepersonell for dei pasientane som takkar ja til dette.

- Sjukepleiar team i kommunen – Masfjorden Høgre ber administrasjonen å sjå til helsegruppa sin rapport for å sjå på moglegheitane for å etablere sjukepleiarteam i kommunen på tvers av tenestenivåa, men kanskje først og fremst i heimetenesta og på sjukeheimen, der sjukepleiarmangelen har vore størst.
- Masfjorden Høgre ber om å få lagt fram ei kvalitetsmelding ein gang i året. Då får ein ein naturleg internkontroll av eige arbeid, og me kan få følge med på det gode arbeidet som vert gjort i helse- og omsorgstenesta i kommunen, samt fange opp det som treng løftast tidlegare, før det vert ei ny utfordring. Masfjorden Høgre er positive til det helse- og omsorgsleiar i si vurdering har kome med forslag til, til kva ei slik kvalitetsmelding kan innehalde.

Sigrun Haugsdal Reknes (H) sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

- Kommunestyret ber om at stillinga Demenskoordinator vert definert tydeleg. Det er viktig at stillinga er godt definert og opplyst om ut til innbyggjarane.
- Kommunestyret ber om at det vert sett av ein stillingsprosent på 40% til kreftkoordinator. Kreftkoordinator bør fortrinnsvis etablerast gjennom ein omstrukturering innad i tenesta. Ein kreftkoordinator kan til dømes fungere som leiar i ressursteamet, og koordinera arbeidet mellom dei tre ressurssjukepleiarane.

Mariann Fløtre Andvik (Ap) sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

- Kommunestyret ber administrasjonen om å fortsette arbeidet innan rekruttering i helse- og omsorgssektoren

Framlegg til vedtak frå formannskapet med tillegg frå H og Ap vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 118/2024 Oppfølging rapport Helsegruppa 2024 - Råd for tiltak i helse- og omsorgstenesta i Masfjorden kommune:

Vedtak frå kommunestyret:

Oppfølging av rapport «Helsegruppa 2024 - Råd for tiltak i helse- og omsorgstenesta i Masfjorden kommune» vert teke til orientering.

Rapporten frå politisk arbeidsgruppe vert vidare lagt til grunn i arbeidet med rulleringa av kommunedelplan for helse- og omsorg, og tiltaka vert vurdert nærare i den samanheng.

Kommunestyret ber om at stillinga Demenskoordinator vert definert tydeleg. Det er viktig at stillinga er godt definert og opplyst om ut til innbyggjarane.

Kommunestyret ber om at det vert sett av ein stillingsprosent på 40% til kreftkoordinator. Kreftkoordinator bør fortrinnsvis etablerast gjennom ein omstrukturering innad i tenesta. Ein kreftkoordinator kan til dømes fungere som leiar i ressursteamet, og koordinera arbeidet mellom dei tre ressurssjukepleiarane.

Kommunestyret ber administrasjonen om å fortsette arbeidet innan rekruttering i helse- og omsorgssektoren.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 119/2024 Retningslinjer ved omstilling og bemanningsendring

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 119/2024 Retningslinjer ved omstilling og bemanningsendring:

Vedtak frå kommunestyret:

Retningslinjer ved omstilling og bemanningsendring vert vedtekne slik dei ligg føre.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 120/2024 Skulereglar for Masfjordskulane

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 120/2024 Skulereglar for Masfjordskulane:

Vedtak frå kommunestyret:

Masfjorden kommune vedtar forskrift om skulereglar for kommunale grunnskular i Masfjorden slik dei ligg føre gjeldande frå 01.01.25.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 121/2024 Reglement for godtgjering til folkevalde

Saka vart drøfta.

Ragnvald Tangedal (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

- Reglement for godtgjering til folkevalde vert godkjent slik det ligg føre og gjeld frå 01.01.25 med følgjande merknader:
 - godtgjering til ordførar vert sett til 90 % av løna til stortingsrepresentantane. Godtgjering til varaordførar vert 40 % av ordførar si godtgjering
 - ungdomsrådet må leggst til i lista over utval som har rett til møtegodtgjersel etter låg sats og i lista over kva leiar som har rett på dobbel møtegodtgjersle
- Reglement for godtgjering til folkevalde skal regulerast kvar 4.år i slutten av kvar kommunestyreperiode.

Ragnvald Tangedal (Ap) sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt under «Møtegodtgjering etter låg sats»

- Styremøter for representantar oppnemnd av kommunestyret som ikkje får utbetalt styrehonorar av styret ein set i.

Ragnvald Tangedal (Ap) sette fram følgjande framlegg til tilleggspunkt:

- Folkevalde kan etter søknad få reise- og opphaldsutgifter dekkja, ved nasjonale samlingar som er viktige for kommunen.

Røysting:

Framlegg til tilleggspunkt frå Ap som gjeld møtegodtgjering for styremøter vart samrøystes vedteke.

Framlegg til tilleggspunkt frå Ap som gjeld reise- og opphaldsutgifter i samband med nasjonale samlingar vart samrøystes vedteke.

Til slutt vart framlegg til vedtak frå Ap røysta opp mot framlegg til vedtak frå formannskapet.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart vedteke med 11 mot 5 røyster (Ap og V).

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 121/2024 Reglement for godtgjering til folkevalde:

Vedtak frå kommunestyret:

Reglement for godtgjering til folkevalde vert godkjent slik det ligg føre og gjeld frå 01.01.25 med følgjande merknader:

- godtgjering til ordførar vert auka til 100 % av løna til stortingsrepresentantane
- ungdomsrådet må leggst til i lista over utval som har rett til møtegodtgjersel etter låg sats og i lista over kva leiar som har rett på dobbel møtegodtgjersle

Reglement for godtgjering til folkevalde skal regulerast kvar 4.år i slutten av kvar kommunestyreperiode.

- Tilleggspunkt under «Møtegodtgjering etter låg sats»
 - Styremøter for representantar oppnemnd av kommunestyret som ikkje får utbetalt styrehonorar av styret ein set i.
-
- Folkevalde kan etter søknad få reise- og opphaldsutgifter dekkja, ved nasjonale samlingar som er viktige for kommunen.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 122/2024 Referatsaker

Orienteringar:

- orientering om Plan for førebygging av åtferdsvanskar og omsorgsvikt v/helse- og oppvekstleiar Oddvin Neset, oppvekstleiar Rita Ludvigsen og leiande helsesjukepleiar Laila Mjånes
- orientering frå nestleiar i Eldrerådet Ivar Haukeland om tema som eldrerådet er opptekne av og kommunikasjonen med formannskapet og kommunestyret - særleg tema som gjeld flagging på skulane sine flaggstenger på raude dagar.
- orientering for status og arbeidet i landbruksgruppa v/leiar Geir Egil Haugsvær (Sp)
- orientering om arbeidet med Fjon eSport v/Kariann Ekren

Skriftelege spørsmål:

- Geir Egil Haugsvær (Sp) stilte følgjande spørsmål:
 - Har fått orientering frå stasjons ansvarlig på Matre brannstasjon at det ikkje er godkjente brannstasjoner til reingjering etter innsats i brann. Kan me få ei orientering på kva arbeid som foregår no og om det vil få konsekvenser for budsjett??
- Rådmannen svarte på dette spørsmålet

Referatsaker:

- Møteplan for politiske utval i 2025
 - rådmannen orienterte om at ein har flytta formannskapet til 6.febr og 29.april. Kommunestyret slutta seg samla til framlegg til møteplan 2025. Oppdatert møteplan vart utdelt i møte (e-post)
- Utvidet høringsfrist - høring av søknad om tillatelse til utvidelse av NORM-deponi ved Wergeland-Halsvik AS
- Vedr forslag i Helse Bergen til ytterlegare kutt i ambulansetenestene ved Knarvik ambulansestasjon
- Tildeling av helse- og omsorgstenester - tenesteskildring med kriterier og moment for vurdering
- Møteprotokoll frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 11.11.24
- Møteprotokoll frå Eldrerådet 11.11.24
- Møteprotokoll frå Ungdomsrådet 21.10.24

- Møteprotokoll frå Ungdomsrådet 09.12.24

Orientering frå ordførar:

- ordførar orienterte om ordninga med samfinansiering for utbetring av fylkesvegar
- ordførar orienterte om status for Masfjordsambandet.
- ordførar orientert om at drift av kabelferja Duesund - Masfjordnes skal ut på anbudsprosess i 2025

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 122/2024 Referatsaker:

Referat- og orienteringssaker vert tekne til vitring.

Saksprotokoll for Kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 124/2024 Budsjettrevisjon desember 2024

Økonomileiar Svein Viktor Ellingbø møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Rådmannen sette fram følgjande merknad:

- Løyvinga vedteke i sak 123/2024 må innarbeidast i driftsbudsjettet.

Framlegg til vedtak med merknad frå Rådmannen vart samrøystes vedteke.

Vedtak/innstilling frå Kommunestyret - 12.12.2024 av sak 124/2024 Budsjettrevisjon desember 2024:

Vedtak frå kommunestyret:

Driftsbudsjett 2024 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn drift med følgjande merknad:

- Løyvinga vedteke i sak 123/2024 må innarbeidast i driftsbudsjettet.

Investeringsbudsjett 2024 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversyn investering.

